



78. årgang - nr. 4. 2022. Tryggheim skular

Tryggheimhelsing



Frå D-dagen til
Disneyland s. 4

Siste nytt fra ungdoms-
skolens reiseblogg s. 7

Fest og
russebasar s. 12

Gledelig jul





Rektor har ordet

LÆRING, VEKST OG TRU

Det er imponerande, alt det som skjer av læring og vekst rundt omkring på avdelingane og gjennom det pedagogiske utviklingsarbeidet på Tryggheim. Som basis og grunnlag for dette flotte arbeidet får vi ha ei pedagogisk plattform med eit verdigrunnlag. Begge delar blir presenterte på våre nettsider. Vi er ein kristen friskule som ønskjer å fremje læring, vekst og tru i eit inkluderande miljø der eleven sitt beste er i fokus. Vi vil fremje arbeidsglede og engasjement og skape verdiar for framtida.

Gjermund Viste // Rektor

Dekom og Dekom Y

Dette skuleåret har arbeidet med desentralisert kompetanseutvikling, både 'Dekom' og 'Dekom Y', vore sentralt. Målet er mellom anna å auke vurderingskompetansen i profesjonsfellesskapet og i samarbeid med elevane. Dekom Y skal styrke kompetanseutviklinga i lærarkollegiet på yrkesfag gjennom ulike tiltak. Dekom er ei gave til alle skular som vil bruke tid til å utvikle profesjonsfellesskapet på skulen sin. Noko av tankegodset bak Dekom kjem frå OECD. Korleis innføre nye læreplanar på ein best mogleg måte? Korleis skape varige endringar i skuleorganisasjonar? Det å sende ein eller to på kurs fører ofte til lite endring i klasserommet. Tanken med Dekom er å snu på det. Det må lagast utviklingsarbeid lokalt, med støtte frå UH-sektoren (universitet og høgskole). Det skapar i større grad varige endringar, ut frå lokalt forankra behov. Dette er interessant for skulane, og slik vi har forstått det, er det gull verdt også for UH-sektoren. Her er det middel

og opne dører for innsyn, besøk, samarbeid og forsking. Dette er tenkt som ein vinn-vinn-situasjon. Og viktigast av alt: Dette skal kome elevane til gode! Ikkje minst derfor er det viktig med god forankring i skulekvarldagen, hjå elevar og i lærarkollegiet. Vi ser altså mellom anna på vurderingspraksisen, og UiS og NTNU er med i prosessen.

Motivasjon, lærelyst og læring i klasserommet

Ungdom bruker mykje tid på skulen. Møte med medelevar og tilsette får betydning for utvikling av identitet, læring og eiga meistring. Dei aller fleste ungdommar trivst på skulen og har gode relasjonar med lærarane. På landsbasis svarer 92 % av elevane at dei er einige eller litt einige i at dei «trivst på skulen». Men sjølv om det er høg trivsel, er det fleire enn før som kjenner på einsemd og utanforskap. Vidare kjem det fram i UngData-undersøkinga at omkring halvparten av elevane opplever stor arbeidsbelastning og høge krav frå skulen.

Det er mest læring når det både er høg trivsel og høg motivasjon. Målet for Tryggheim er difor å ha elevar i denne kombinasjonen. Men talet har svinga over tid. Vi har mange elevar som trivst veldig godt, men som ikkje er like motiverte for skulearbeid. Samstundes ser vi at mange av desse yter mykje og får gode karakterar.

Tru

Med eit kristent verdigrunnlag og internat med 212 elevar ligg det godt til rette for ulike fritidstilbod. No er det møteveke med Anette Fredly og Per Tveten. Det er svært godt oppmøte, ein kveld var det over 40 på bønemøte eit kvarter før møtet. Det er også mange som har søkt forbøn og samtale. Kjære Tryggheim-ven, dette er takkeemne og bønneemne!

Andakt

TRUSSEL ELLER TRØYST?

Kari Anne Vatland // Kjøkken- og internatassistent

Ein baby og eit lam. Det må vera noko av det nusselegaste me kan tenkja oss. Babyar og lam er uskuldige og hjelpeklage. Dei vekkjer omsorg og godvilje i oss. Ta med ein baby til eit kjedeleg juleselskap, og vippa, så kjem smila fram, til og med hjå dei suraste tantene. Og lam har ikkje for vane å gå til angrep på verken folk eller fe. Nei, det er ein god grunn for uttrykket «snill som eit lam».


I Bibelen møter me Jesus både som ein baby og som eit lam. Då Gud, Den allmektige, bestemte seg for å stiga ned til oss, valde han altså den mest avvæpnande framtoninga som finst. Om han berre kunne få oss til å forstå at han kjem i fred! At han har gode hensikter! At han ikkje er ein trussel!

Likevel føler mange seg trua. Politiske og religiøse leiarar frykta for posisjonane sine og ville drepa dette barnet. Fjerna det frå samfunnet. Slik er det framleis. Til og med etterfølgjarane av barnet prøver dei å trua til tausheit. Dei må ha misforstått noko viktig! Jesus kom jo for at menneska ikkje skulle gå fortapt, men ha evig liv. Han ville skapa fred, sa han. Han kom for å gje trøyst.

Eller kan det vera at barnet ikkje er så uskuldig som han ser ut? Nei, han er uskuldig, men han er ikkje ein baby lenger. Store-Jesus viste fram ei anna side då han vann ein knusande siger over døden. Han seier at han har fått all makt i himmelen og på jorda og skal koma tilbake for å døma levande og døde. Lammet blir også kalla «Løva av Juda». Og han er ikkje ei tam løve - men han er god (C.S. Lewis, «Løven, heksa og klesskapet»).

Ta inn over deg desse orda frå Jesaja 9:

*For eit barn er oss fødd,
ein son er oss gjeven.
Herreveldet er lagt på
hans skulder. Han har
fått namnet Underfull
rådgjevar, Veldig Gud,
Evig far, Fredsfyrste.*



Bildekjelde: Utsnitt frå Adoration of the Shepherds av Lorenzo Lotto

Tryggheimhelsing

Forsidebildet: Elisabeth, Jannike og Alma var med på høstens kanotur – se flere bilder s. 15 (foto: Lars R. Aarseth)

Redaksjonskomité:

Anne-Berit Gomo Aanestad (redaktør)
Henrik Foss
Knut Handeland
Kristin Samdal
Bjørg Topnes
Martin Steinskog (ungdomsskolen)

Kasserer: Elisabeth Krogdal

E-post Tryggheim skular:

post@tryggheim.no

Bladet koster kr 100,- pr år.
Kontonr.: 3000.23.29626

Trykk og layout:
Synkron Media AS, Birkeland



Endeleg utanlandsturar igjen:


Frå D-dagen til Disneyland

Tekst: Kristin Samdal

Foto: Endre Urstad, Kjetil Fylling og
Yngve Litleskare Leine

Endeleg var det tid for utanlandsturar igjen, og for å bøta på manglende Vg2-turar dei siste «pandemi-åra» var det både Vg2- og Vg3-elevar som stod klare med Adidas-bagar og trillekoffertar sundag 11. september. Over 70 elevar sette seg i bussane, som kørde oss til Kristiansand. Det gjekk med båt til Nederland, før me trilla via Utrecht til Belgias hovudstad Brussel, som var første skikkelege stopp på turen. Her besøkte me EU-parlamentet og Norges hus. Caen i Normandie var neste stopp. Her var fokuset på 2. verdskrigen, nærmere bestemt D-dagen, dei allierte styrkane sin landgang i Normandie. Det blei ein interessant og lærerik dag, med mange inntrykk, blant anna på minnelundane for dei mange soldatane som fall der. Så gjekk turen sørover, først til fri utfalding i Disneyland, før me avslutta turen i verdsbyen Paris. Etter besøk på jødisk museum var det berre å slå seg laus og ta føre seg av noko av det storbyen hadde å by på: Eiffeltårnet, Louvre, Triumfbuen, Le Parc des Princes og Stade de France. Og om ærverdige Champs-Elysée sine prisar er stive, var det meir enn nok butikkar og marknader til å fylla opp flyet som tok oss heim igjen til Tryggheim, med litt meir bagasje og mange fleire opplevingar.

Triumfbuen er vel verd eit besök.




Arromanches ved Gold beach var ein av fleire stoppestader der elevane lærte om D-dagen og landgangen i Normandie.



Det måtte to bordsetningar til for at alle skulle få eta på Hard Rock Cafe i Brussel.

Notre Dame



Imponerande Grote markt i Brussel - by night

Høgdepunkt på Louvre-museet er lille store Mona Lisa



Den amerikanske minnelunden gjorde sterkt inntrykk på elevane.



Omvising i EU-parlamentet i Brussel.



Sentrumsbesøk i Brussel. Uten mat og drikke duger helten ikke.

Disneyland!





Det blei ei lærerik stund i EU-parlamentet.



Vg3-elev Thea i VM i bølgesurfing

I juni deltok Thea Vold (3STa) i VM i bølgesurfing i El Salvador.

– Det var veldig gøy å delta sjølv om dei andre hadde surfa mykje lengre og var på eit heilt anna nivå. Det gav meg mykje motivasjon til å surfa meir, og det var ei oppleving for livet. Etter kvart når eg har trent meir og blir flinkare, så blir det berre endå kjekkare, så eg gler meg til vintersesongen sjølv om det blir kaldt, seier ho.

Vg3-elev Thea Vold surfar på bølger både nært og fjernt. I år har ho delteke både i NM på Borestranda og i VM i El Salvador. Foto: privat



Ungdomsskulen

Siste nytt fra ungdomsskolens reiseblogg!

Tekst og bilder: Martin Steinskog og Øystein Lemvik

De siste ukene har ungdomsskolen vært på flere spennende og lærerike reiser. Vi er heldige som får variere skoledagen med noen utflykter i ny og ne. Nedenfor følger bilder og noen korte referat fra de respektive turene.

9. TRINN TIL EVJETUN!

Tekst: Martin Steinskog

I uke 43 bar det av gårde for hele 9. trinn til Evjetun leirskole! Da bussene rullet inn på plassen tirsdag morgen, var det både forventning og spenning i luften blant både elever og lærere. Dagene på leirskole ble utrolig kjekke. For en nydelig gjeng å reise på tur med! «De snilleste elevene som har vært her i hele høst», ifølge Evjetun selv.

Vi fikk oppleve både go-kart og rafting, begge deler med skrekkblandet fryd for noen. Det var mange som gikk langt utenfor komfortsonen, og opplevde både adrenalin og mestring i forsøket. I tillegg fikk vi en utrolig fin kanotur på en blikkstille elv, med solnedgangen i horisonten. Generelt stod høydepunktene i kø, og det var også flere som fikk med seg suvenirer i form av krystaller hjem fra Evje. Vi storkoste oss med en engasjert, humørfylt og livlig gjeng! På «Tryggheim ungdomsskule» sin Facebook kan du finne enda flere bilder og film fra turen vår.



«HEI, HEI, PÅ TIDE Å STÅ OPP OG ENDRE VERDEN»

Tekst: Martin Steinskog

Linnea (9A), Simen (9B) og Marley (9C) (+ heldig lærer) reiste uken etter leirskole på tredagers opphold i Oslo og på Demokrativerkstedet på Utøya!

Her fikk vi blant annet lært masse om terrorangrepet 22. juli 2011, deltatt på vitnesamtaler samt lært om viktigheten av engasjement og å stå opp mot hatprat, konspirasjonsteorier og rasisme i demokratiet vårt. Det gjorde sterkt inntrykk å høre fortellinger om hva som hadde skjedd på øya for litt over elleve år siden. Undervisningen og øvelsene vi fikk lære – og ta del i – var kreative og engasjerende. Nå skal de tre elevene gjennomføre sitt eget planlagte undervisningsopplegg for klassene sine.



«DEMOKRATI I PRAKSIS» PÅ TUR TIL TIGERSTADEN!

Tekst: Øystein Lemvik

Mellan 2. og 4. november var elevane i valfaget 'Demokrati i praksis' på tur til Oslo. Me tok av gárde med tog på föremiddagen onsdag, og fekk ein roleg og lang tur bort (toget vart forseinka grunna därlege vindaugevisskarar på lokomotivet).

Torsdag var dagen for programmet i Oslo. Me hadde omvising på Stortinget med påfølgande demokratispel der elevane sjølv måtte gjere politiske prioriteringar og forsvare desse. Stor semje var det om at helsepolitikk var viktig, medan transportpolitikk ikkje vart prioritert i det heile.

Etter vitjinga på Stortinget åt me på vegn ned til bistandsorganisasjonen Fokus, ein paraplyorganisasjon som arbeider med bistand retta mot kvinner. Her fekk me høyre om kva arbeid dei driv med, mellom anna '16 Days'-aksjonen FN har kvart år, som er retta mot å ende vold mot kvinner. Etter dette besøket (som inspirerte enkelte til å sjå for seg ei karriere i Fokus) var det tid til eigen disposisjon i Oslo. Nokre drog på shopping, medan andre etter kvart tok turen til Folketeateret og såg musicalen 'Matilda'.

Fredagen tok me tog heimover – noko som tok ganske mykje tid, grunna raset ved Heskestad. Forseinkingar til Kristiansand og buss for tog etter det var kan hende eit hint om at å nedprioritere transportpolitikk ikkje var eit opplagt val?

Me kom uansett vel heim etter kvart. Lærarane takkar for turen!





Konfetti, komikk og kreativitet!

Elevar, eks-elevar og miljøarbeidrar laga stor fredagsunderhaldning då filmkonkurransen The Tryggheim Oscars blei arrangert i storstova 21. oktober.

Tekst og foto: Henrik Foss

Miljøarbeidar Torger Bø var mannen som tok initiativ til festivalen, og fekk russen med på arrangørsida. Mellom ulike underhaldningsinnslag blei ti ulike kortfilmar viste, og vinnarar blei premierte med statuettar. Skaparane i Vg1 bak kortfilmen «The Run» henta heile fire statuettar. Det vil seie gullspraya bordbein frå Clas Ohlson.



Torger Bø overrekte statuett for best regi til Sara Tryland, Naomi Steinsland, Emma Andersen, Hanne Ege og Julia Langåker.



Russepresident Sondre Åsbo vann prisen for beste antrekk. Premie: vestlandslefse.



Ein festkledd jury på The Tryggheim Oscars. Frå venstre: Knut Handeland, Embla Erviksæter og Lars Aarseth.



Julia Langåker (t.h.) og Torger Bø overrekte humorprisen til Oskar Lomeland, Jannike Sæther Tønnessen, Alfred Kvendset, Lukas Beier Hegge, Elisabeth Helland, Aksel Kro Halvorsen, Samuel Kro, Olav Vatland og Alma Brekke.



Julia Langåker og Torger Bø (f.h.) hylla teknisk avdeling: Torbjørn Eiken, Håvard Vrålstad, Tobias A. Edvardsen og Martin Ravnås.



Thomas Bø heldt takketale.



Jurymedlem og lærar Knut Handeland blei applaudert inn i salen.



Kortfilmen «The Run» vann prisen for best musikk, best handling og best film, i tillegg til publikumsprisen. Frå venstre: Talitha Kumi Øvstebo, Marie Mehus Rugland, Sofie Strandberg, Lukas Vågen, Heine Rott, Thomas Bø, Torger Bø (programleiar) og Julia Langåker (programleiar).



Programleiarane Torger Bø og Julia Langåker hadde sofa samtale med fleire av filmskaparane. Her med Alfred Kvendset (t.h.).



Miljøarbeidar Torger Bø framførte ein sjølvskriven song om bakgrunnen for The Tryggheim Oscars. Han leia arrangementet saman med Vg3-elev Julia Langåker.



3.

Retting og orsaking

Tekst: Knut Handeland

I Tre på topp-teksten i førre utgåve presenterte lærar og siv.ing. Kristian Rød Klausen tre interessante teknologiske produkt. Eit av desse var pitot-røyr (utt.: [pitå]) etter oppfinnaren Henri Pitot), ei lita innretning brukt til å måla trykket i væsker og gassar. Illustrasjonsfotoet viste at på moderne fly sit det eit slikt røyr festa langt framme på flyskroget. Det var med vonbrot me oppdaga at innretninga hadde fått namnet pilot-røyr i teksten. Kort tid etter strøymde det på med meldingar i nasjonale nyhende om økonomisk krise i det norske flyselskapet Flyr. Det ville vore ansvarslaust å avfeie dette samanfallet av hendingar som slumpetreff.

Frå før veit vi at to etablerte norske flyselskap har slite og slit med å få overskot i drifta. Me veit og at lita tue kan velte stort lass, men at ein skrivefeil næraast kunne velte ein heil bransje, den såg me ikkje kome. Truleg har det spreidd seg ei misoppfatning av at røyret blir brukta av piloten når han kjener på gass- og væsketrykket, for så å forlata setet for å letta på trykket gjennom røyret. Oppfatninga har så spreidd frykt i marknaden, med fallande billettsal og aksjekursar i kjølvatnet. Kven vil vel ut og fly om piloten slepper spakane, tek lange do-pausar, kanskje handlar peanøtter i tax-free og spelar litt på mobilén før han vender tilbake til setet?

Ingen i redaksjonen tek konkret ansvar for feilaktig å ha endra 'pitot' til 'pilot', men kollektivet har fått ein vekkar knytt til makt og samfunnsansvar. Redaktøren tek dette ansvaret ved å bli verande i stillinga. Feilen har truleg skjedd som ei automatisk retting i korrekturprogrammet, denne digitale bleia som tek unna for det me ikkje har kontroll på, nesten som ein autopilot i eit fly.

nr. 04 - 2022 // 13

Fest og russebasar

Fengende foredrag, fest og basar stod på programmet da Tryggheim inviterte elever og foreldre til temadag lørdag 5. november.

Tekst og foto: Henrik Foss

Russen arrangerte basar til inntekt for Misjonssambandets arbeid i Øst-Afrika. Elever utfoldet skaperglede gjennom ulike innslag i møtesalen og egen ungdomsbefriftsutstilling i gymsalen.

Marianne Fredbo fra Lyngdal engasjerte med sin sterke historie. Som fireåring ble hun påkjørt av en traktor med slåmaskin. Den lille jenta, som hadde lekt i det høye gresset, mistet en arm og et bein. Likevel har hun lagt bak seg en imponerende svømmekarriere, driver eget kaffebrenneri og jobber som kroppsøvingslærer.



Vg3-elevene Julia Langåker (t.v.) og Sara Tryland sendte hilsen fra Øst-Afrika.



Marianne Fredbo fra Lyngdal holdt foredrag for elever og foreldre under årets temadag på Tryggheim.



Vg3-elevene arrangerte russebasar til inntekt for misjon og bistand i Øst-Afrika.



Kvitsøy-ordfører Stian Bjørsvik, som er far til en av elevene på skolen, holdt andakt under temadagen.



Lærer Kirsten Marie Kvia Oma ledet festen i storstua på Tryggheim.



Elever og lærere ledet allsangen.



Ungdomsbefriftene stilte ut i gymsalen. Ivan Opsal deltok i en konkurransen som en av tømrer-bedriftene arrangerte.



Ungdomsbefriftene ble premiert og hyllet etter utstillingen i gymsalen. Fra høyre: Sem Ueland, Ivar Andre Feyling Hærem, Elisaios Tsipi, Ola Skarding, Henrik Egebakken, Ivar Opsal og Mathias Severson.

Visste du at...

Ingvild Halvorsen (HO/PB 18-21) og Karl Magne Frafjord (BY 17-19) giftet seg 9. juli

Thomas Usken (EL 13-14) og Stina Voll giftet seg 3. september

Mona Fosse (HO 16-19) og Simon Handeland (EL 16-18) giftet seg 24. september

Siri Sola (ST 09-11) og Ole Henrik Skeie giftet seg 1. oktober

Hanna Friis (ST 17-20) og Leo Kjær (ST 17-20) giftet seg 15. oktober

Ingrid Raknes Frestad (ST 16-19) og Gabriel Sikveland (BY/PB 16-19) giftet seg. 29. oktober

Maria Andersen (BA 19-21) ble i september kåret til «Norges hyggeligste lærer». Hun går i lære som murer hos CCD Eiendomstjenester AS på Randaberg.

Jon Siqveland Kalheim (BA 19-20) ble norgesmester i anleggsmaskinkjøring under Yrkess-NM i Kristiansand i september. Han sier i et intervju at det vanskeligste var dumperkjøringen, og det morsomste var hjullaster, og at han ellers er best på gravemaskin. Det stemmer nok, for han vant også gravemaskinkonkurransen.

Asle Haddeland (EL 17-19) gikk til topps i TV-programmet «Kompani Lauritzen: Tropp 1» som har blitt sendt på TV2 i høst. I år er energimontøren fra Klepp mentor for ungdomsbefriften «The Generators» på Tryggheim.

Gaute Fotland (ST 05-08) har tatt doktorgrad i datamodeller av ståltau i offshore-heisekraner. Arbeidet hans kan også være nyttig når det f.eks. gjelder kabler til skiheiser. Han disputerte for ph.d.-graden 17. juni ved NTNU i Trondheim, der han tok sivilingeniørutdannelsen sin ved institutt for maskinteknikk og produksjon.

Vi gratulerer, og ber dere fortsette å tipse oss om folk som bør være med på denne listen. Send e-post til aaanestad@tryggheim.no, eller ring eller skriv til skolen (husk årstall og gjerne klasse!).



Hanna Friis og Leo Kjær gikk tre år i samme klasse, og 15. oktober giftet de seg i Klepp kirke (foto: privat).



Ingrid Frestad og Gabriel Sikveland gikk tre år samtidig på henholdsvis ST og BY/PB, og giftet seg. 29. oktober i Nærø gamle kirke (foto: Anne-Berit G. Aanestad).



Da Asle Haddeland gikk på Tryggheim, var han bl.a. med og drev ungdomsbefriften «Light It», som lagde LED-lysende glassplater med kundens selvvalgte motiv (foto: Henrik Foss).

Bilder fra høstens aktiviteter

BIOLOGIKLASSEN (2BI) PÅ TUR

Foto: Geir Tjeltveit



I år er det bare seks elever i 2BI-klassen, men de har det like kjekt på tur for det. F.v: Hallvard, Janne, Thea, Loukman, Thomas og Ida-Cathrine.



Janne og Thea har funnet noe interessant.



Hallvard med fisken han fikk, Loukman og Thomas har håp i hengende snøre.

KANOTUR

Foto: Harald Vaage og Lars R. Aarseth

I oktober møtte en gjeng tøffe elever opp til den årlige kanopadlingen i Figgjoelva. Turen gikk fra Øksnevad til Bore.



Vel blåst! Våte og litt kalde – men veldig fornøyde med turen!



God vannføring og oppholdsvær – dette kan bli bra!



Men der gikk det visst et par kanoer rundt denne gangen også.

VG3-TUR TIL ISRAEL

Foto: Anne-Berit G. Aanestad

De elevene som ikke fikk reise på Vg2-tur i fjor pga. koronaen fikk i høst tilbud om å være med på enten en egen tur til Israel eller tur til Vest-Europa sammen med Vg2-elevene.



Hos beduinene fikk vi også prøve å ri på dromedarer.



Denne gjengen prøvde så godt de kunne å gå i ett med lokalbefolkningen.

Kveldsstemning i beduinleiren



På toppen av Golanhøydene.



Hele gjengen samlet på toppen av Oljeberget.

KJEKT MED FORSØK I NATURFAG!

Foto: Geir Tjeltveit og Anne-Berit G. Aanestad



Elevene i 1STC skal teste om det er stivelse i matvarer.



Hanna, Anna og Susanna i aksjon.



1STB-elever har også fått på seg vernebriller og er klare for litt eksperimentering.

BYGGFAGELEVENE FÅR GOD OPPFØLGING AV OPPLÆRINGSKONTORET ROGALAND NÅR DE ER UTE I LÆRE.

Foto: Endre Urstad



Og her ble det enda flere hettegensere fra opplæringskontoret Rogaland.



Alle elevene i Vg2 tørerer-klassen fikk hver sin hettegenser da Byggopp Rogaland var på besøk på Tryggheim i september.

Returadresse:
Tryggheimhelsing
Tryggheimveien 13
4365 Nærbø



Tre på topp – julesonglyrikken

Tekst: Knut Handeland

Julesongane kling straks mot oss frå alle kanalar. Nokre meiner det blir for mykje, men ein må hugse at alt kunne vore mykje verre, for eksempel ein månad med trekspelmusikk. Nedafor er tre fine tekstar med stort aldersspenn: 333 år, 223 år og 10 år. Dei har svært ulikt kristeleg preg, og truleg ulik evne til å vekke og nøre julestemninga. Einkvar kan spele av nokre

Upp gledjest alle, gledjest no

Upp, gledjest alle, gledjest no
Med Fagnad, Fred og heilag Ro
I Herren, dykkar Gleda
For Jesus han er no so nær
Og vil, daa han oss heve kjær
Uti vårt Kjøt seg klæda
Uti vårt Kjøt seg klæda

Burt Sorg og Saknad or vårt Sinn!
Guds Gleda lata me no inn
At me kann Jesus fagna
Men Bøn og Hjartans Takk og Tru
Med honom skal i Fred me bu
Og Gleda aldrig tagna
Og Gleda aldrig tagna

Gud, lat din Fred, som høgre er
ENN Hug og Vit kann fatta her
Vaart Hjarta vel få vara
I Kristus Jesus, at me maa
So stor ei Jolegleda faa
Som aldrig burt maa fara
Som aldrig burt maa fara

Tekst: Thomas Kingo
O: Elias Blix

Jeg er hos Gud i nåde

Jeg er hos Gud i nåde,
hva skader verden meg
om den en stund får råde
og stenger meg min vei!
Vil den mitt legem binde
i fengslets mørke skjul,
skal ånden seier vinne
og holde glad sin jul.

Den vanstro flokk ei fatter
hva Åndens virkning er,
men møter dem med latter,
som har sin Jesus kjær.
Å, visste bare alle
hva tjener oss til fred;
Gud fri oss fra å falle
i mørkets avgrunn ned.

Vår Gud oss trofast lover
at han hver sjel vil fri
som her i livet våger
å vandre sannhets sti,
som ei lar seg forføre
av verdens falske skinn,
med faste trinn vil gjøre
helt i Guds rike inn.

Guds nåde oss forene
og stå oss kraftig bi,
så vi ham rett kan tjene
og følge sannhets sti,
så vi, som lyssets slekter,
med samme tro og sinn,
for ham oss selv fornekter,
i himlen trenger inn.

Tekst: Hans Nielsen Hauge

variantar og teste om julestemninga er ekvivalent med proklamasjonen av inkarnasjonen, eller om ho er lausare assosiert med denne hovudsaka. Sjølv kom eg ut av testen med middels måloppnåing.

PS! Les deg gjerne opp på bakrunnen for songen 'Jeg er hos Gud i nåde', skiven av H. N. Hauge.

Englesong

Trur du på englane,
fins dei og dalar dei ned?
Søv dei i skyseng eller blomeeng?
Er det meg dei følgjer med?
Bryr dei seg om alt som me har
kring oss her?
Kjem dei støtt til dei som treng det?
Har dei håp til dei som lyset aldri
ser?

Og hjelper det med kvite vengjer?
Dei dagane du treng å gråte, dei
dagane du er ei gåte,
dei dagane du vil bli sett og dei
dagane du er litt trett?

Eg trur at englar gir trøyst til ein
trengjande sjuk
Eg trur at englar syng songane
stille og mjukt
Dei rører ved deg og legg att ei lita
fjør som du kan göyme under pute
Dei kjem forkledd som oss og blir
her til vi dør og ser oss gjennom
dør og rute

Dei dagane vi treng å gråte, dei
dagane vi er ei gåte
dei dagane vi vil bli sett og dei
dagane vi er litt redd

Tekst: Sigrid Moldestad